



Protokoll frå årsmøte 2025 - Hafslo IL

Torsdag 13. februar 2025 kl. 19 på Eikum Hotell

Til stades: 20 ved starten av møtet og 16 ved slutten.

Sak 1: Opning

Årsmøtet starta kl. 19. Leiar Ove Midtbø ønskte velkomen og informerte om praktisk gjennomføring av møtet.

Sak 2: Godkjenning av innkalling

Godkjent utan merknadar.

Sak 3: Godkjenning av sakliste

Godkjent utan merknadar.

Sak 4: Val av møteleiar og skrivar

Årsmøtet valde Ove Midtbø som møteleiar og Birthe Johanne Finstad som skrivar.

Sak 5: Val av to medlemmar til å skriva under møteboka

Tonje Torgersen og Per Fridolf Hillestad vart valde til å skriva under møteboka.

Sak 6: Årsmelding frå styret

Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til hovudstyret.

- Retting s. 9: Avgidde tillitsvalde: Geir Arne Kvam er ikkje lenger i dommarkomiteen og krinsansvarleg instruktør.

Årsmeldinga vert vedteken samla under sak 7.

Sak 7: Årsmelding frå gruppene

- Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til stadionstyret.
 - Retting s. 12: Det skal vera Hillestad Traktorservice, ikkje Hafslo Traktorservice.
- Jon Ove Lomheim orienterte om årsmeldinga til hoppgruppa.
- Lars Olav Halleråker orienterte om årsmeldinga til alpingruppa.
- Norill Terese Norheim orienterte om årsmeldinga til fotballgruppa.
 - Retting s. 18: Skal stå sesongen 2024 under miniputt, ikkje 2023.
- Ida Ur Haugen orienterte om årsmeldinga til barneidrettsgruppa.
- Terje Brunborg orienterte om årsmeldinga til trimgruppa.
- Monika Reime orienterte om årsmeldinga til handballgruppa.
- Terje Fardal orienterte om årsmeldinga til langrennsgruppa.



Vedtak

Årsmøtet godkjenner heile årsmeldinga for Hafslo IL 2024. Hovudstyret får fullmakt til å justera årsmeldinga i tråd med innspela og oppdatera endeleg versjon til nettsida til idrettslaget.

Årsmøtet tok pause for matsservering ca. kl. 20.30. Oppstart etter pausen kl. 21.05.

Utdeling av merksemd

Styret og gruppeleiarar delte ut innsatskrus, NVRLND-sokkar og anna merksemd for innsatsen i 2024. Oversikt over utdelingane følgjer som vedlegg 2 til protokollen.

Sak 8. Rekneskap inkl. økonomimelding frå styret og melding frå kontrollutvalet

- Ove Midtbø gjekk gjennom og orienterte om hovudtala i rekneskapen for 2024. Som det går fram av årsmeldinga frå styret hadde Hafslo IL eit godt driftsår i 2024, med eit driftsoverskot på 649 318 kr. Det skuldast i hovudsak eit stort økonomisk overskot på Lerum Cup 2024, haustmarknad 2024 og sponsorstøtte.
- Det er ikkje laga ei eiga økonomimelding, men dette er omtalt i årsmeldinga til styret. Hafslo IL får tilsendt månadlege rekneskapsrapportar frå rekneskapskontoret, slik at vi har god oversikt gjennom året.
- Kontrollutvalet ved Gerd Westby orienterte om arbeidet til kontrollutvalet, og slo fast at det er god orden i idrettslaget. Westby var på både Lerum cup og haustmarknaden og såg etter korleis kontantar vart handtert der. Heldigvis mindre kontantar i omløp og meir som går rett på konto.
- Kontrollutvalet har hatt fire møte. Utvalet har gått gjennom protokoll for årsmøte 2024, styrereferat, årsmelding, materiallister, rekneskapsrevisjon for 2024, kontroll av resultatrekneskap og anna. Merknad: Det står at idrettslaget har teke opp lån. Dette kunne vore ført som rentefritt lån for forskottering av spelemidlar.
- Kostnadar er stikkprøvemessig kontrollert, og balanseverdiar er kontrollerte mot underliggjande dokumentasjon. Alle balanseverdiar er kontrollerte og er reelle per 31.12.24.
- Det går fram av beretninga at kontrollutvalet har ingen merknadar til framlagt årsrekneskap, og tilrår at årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2024.

Vedtak

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2024.

Sak 9: Fastsetjing av medlemskontingent

Styret føreslår at vi held fram med gjeldande takstar, som er

- 300 kr for enkeltmedlemskap
- 750 kr for familiemedlemsskap
- 100 kr for pensjonistmedlemsskap



Vedtak

Årsmøtet vedtek at Hafslo IL held fram med gjeldande satsar for medlemskontingent med verknad for 2026.

Sak 10: Budsjett 2025

Ove Midtbø orienterte om budsjettforslaget styret la fram. Ove Midtbø viste til at det er sett opp eit romsleg, men samstundes realistisk budsjett, som går i null samla sett. Styret og gruppene har stort handlingsrom for investeringar og aktivitetar i 2025 og kjem til å ha dialog om inntekter og utgifter gjennom året. Det er teke høgde for stor aktivitet og turneringsdeltaking også i 2025.

Utvida styre vil også fortløpande følgje opp korleis vi ligg an på styremøta og ev. justera budsjettet gjennom året. Om det blir behov for justeringar utover rammene for budsjettet må styret ev. kalle inn til ekstraordinært årsmøte for å få justert dette.

Vedtak

Årsmøtet godkjenner framlegget til budsjett for 2025.

Sak 11: Organisasjonsplan Hafslo IL

Ove Midtbø orienterte om saka, og la fram forslag om at årsmøtet gjer tilsvarande vedtak som på årsmøtet 29.02.2024.

Vedtak

Hafslo IL vedtek ny organisasjonsplan for 2023–2026 slik den er. Så får styret og gruppene mandat til å gjennomføre ein prosess med framlegg til endringar i organisasjonsplanen fram mot neste årsmøte. Dette inneber involvering av gruppene, at planen vert lagt ut på høyring, og at organisasjonsplanen vert oppdatert i tråd med behov, samansetning av gruppene og aktivitet på årsmøtet i 2026.

Når det gjeld ansvar, oppgåver og godtgjersle for styremedlemer og gruppeleiarar for 2025, så får styret mandat til å gjere vedtak innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Sak 12: Innkomne saker

Det er ingen innkomne saker.

Sak 13: Val

Erna Hamrum la fram styret sitt framlegg til val 2025. Framlegget, som ligg ved som vedlegg 1, vart vedteke som det står. Både langrennsgruppa og fotballgruppa jobbar med å få med fleire i gruppene, og melder inn namn når dei har det klart.

Utnemning av æresmedlem

Styret har vedteke å utnemna leiar Ove Midtbø til æresmedlem i Hafslo idrettslag. Dette vart kunngjort ved avslutninga av årsmøtet. Ove fekk ein inngravert vase, blomsterbukett og eit reisegåvekort for seg og familien.



Årsmøtet vart heva kl. 22.21.

Underteikna protokoll:

Tonje Torgersen

Tonje Torgersen

Per Fridolf Hillestad

Per Fridolf Hillestad

Vedlegg:

1. Val 2025
2. Merksemd på årsmøtet 2025



Vedlegg 1: Val 2025

Hovudstyre

Verv	Namn	Valperiode
Leiar	Ove Midtbø	2025 – 2026 (i styret 2025-2027)
1.nestleiar og sekretær	Birthe Johanne Fredheim Finstad	2025 - 2026
2.nestleiar, medlemsansvarleg	Erna Hamrum	2025 - 2026
Kasserar	Tonje Torgersen	2025 - 2027
Styremedlem	Styrk Andre Hofslundsengen	2025 - 2027
Styremedlem	Signe Gudveig Rauboti	2025 - 2027
Ungdomskontakt	Theo Opem-Moen	2025 – 2026
1. varamedlem	Arthur Bremer Brynjulfsen	2025 - 2026
2. varamedlem	Anne Perlaug Fossøy	2025 - 2026

Fotballgruppa

Leiar	Nils Petter Solheim
Medlem, kioskansvarleg	Karita Nes
Medlem	Tonje Grønstad
Medlem	Ann Kristin Torgersen
Medlem	Anja Renate Buskaker
Medlem	Tormod Tufte Tyssen
Medlem	Jan-Erik Røneid

Trimgruppa

Leiar	Terje Brunborg
Medlem	Monica Heggstad
Medlem	Kjell Arild Høyum
Medlem	Tor Erik Ones

Barneidrettsgruppa

Leiar	Benedikte Fløtra Grøteig
Medlem	Kai Atle Øygard
Medlem	Marit Haugan Hove

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

Alpin- og friskigruppa

Leiar	Lars Olav Halleråker
Medlem	Ann Helen Liljedahl
Medlem	Lars Håkon England
Medlem	Nils Petter Solheim
Medlem	Wenche Aspelund Linde

Hoppgruppa

Leiar	Jon Ove Lomhem
Medlem	Per Birger Lomheim
Medlem	Håvard Ese Eliassen
Medlem	Ane Hestad
Medlem	Morten Flisram
Medlem	Eirik Hoem

Langrennsgruppa

Leiar	Terje Fardal
Medlem	Per Fridolf Hillestad
Medlem	Irene Barca Fardal

Håndballgruppa

Leiar	Monika Alvestad Reime
-------	-----------------------

Orienteringsnemnd

Kontaktperson	Ove Oklevik
---------------	-------------

Stadionstyret

Leiar	Tore Ørbeck
Medlem	Bjarni Valsson
Medlem	Rolf Johan Stranden
Medlem	Birger Moene
Medlem	Mats Listou

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

Marknadsnemnd

Representantar frå hovudstyret	Birthe Johanne Fredheim Finstad Erna Hamrum
Medlem	Sigrud Fredheim Finstad
Medlem	Mette Johannessen
Medlem	Tonje Grønstad
Medlem	

Lerum cup-nemnd

Representant frå hovudstyret	Ove Midtbø
Representant frå fotballgruppa	Blir utnemnt av fotballgruppa
Representant frå stadionstyret	Tore Ørbeck
Representant frå skigruppene	Lars Olav Halleråker
Kiosknemnd Lerum cup	Karita Nes - leiar Medlemmar: Ann Elisbeth Skjerven, Tonje Grønstad, Ann Kristin Torgersen, Erna Hamrum

Friidrettsutval

Kontaktperson	Representant frå trimgruppa
---------------	-----------------------------

Skøyteutval

Medlem	Per Ivar Lomheim
--------	------------------

Kontrollutval

Gerd Westby
Herman Odd Stein

Luster idrettsråd

Leiar	Ove Midtbø
Medlem	Signe Gudveig Rauboti
Leiar i kontrollutvalet	Geir Arne Kvam
Ungdomskontakt	
Medlem i valnemnda	Erna Hamrum

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

Nemnd for fleirbrukshall Hafslo

Jone Solberg Vik	
Marit Haugan Hove	
Eirik Hoem	
Nils Petter Solheim	

Stolpejakt Luster kommune

Terje Brunborg	
Ove Midtbø for Luster idrettsråd	

Hestesportnemnd Hafslo IL

Kontaktperson	Svein Solheim
kontaktperson	Harald Hess

Kajakknemnd Hafslo IL

Styret i HIL inntil vidare	

Valnemnd

Innstilling frå styret pr 10.02.2025



Vedlegg 2: Merksemd på årsmøtet 13. februar 2025

HOVUDSTYRET

Sondre H. Bremer	Styremedlem sidan 2023	Innsatskrus + NVRLND-sokkar
------------------	------------------------	-----------------------------

FOTBALLGRUPPA

Øyvind Åsarmoen Møller	Leiar 2024	Innsatskrus + NVRLND-sokkar
Norill T. Norheim	Leiar i fleire år LC 2022 og 2023 Styremedlem i mange år	Innsatskrus
Åge Ruud	Styremedlem (materialforvaltar)	Innsatskrus
Kurt Heggstad	Trenar sidan	Innsatskrus

ALPINT/FRISKIGRUPPA

Andrè Schults	Bidrag på trenarsida utan eigeninteresse, berre borna i fokus	Innsatskrus
---------------	---------------------------------------------------------------	-------------

TRIMGRUPPA

Ragnhild Borge Olsen	Medlem sidan 2023	Innsatskrus
----------------------	-------------------	-------------

LANGRENNSGRUPPA

Terje Fardal	Ny leiar 2024	Innsatskrus
Per Fridolf Hillestad	Medlem og kontaktperson	Innsatskrus

HANDBALLGRUPPA

Monika A. Reime	Leiar sidan 2023	Innsatskrus + NVRLND-sokkar
-----------------	------------------	-----------------------------



BARNEIDRETTSGRUPPA

Ida Ur Haugen	Leiar 2024 Medlem 2023	Innsatskrus + NVRLND-sokkar
Anne Ø. Ølnes	Leiar 2023 Medlem 2024	Innsatskrus + NVRLND-sokkar
Lene Madsen	Medlem sidan 2023	Innsatskrus + NVRLND-sokkar

LERUM-CUP NEMND/MARKNADSNEMND

Ann Elisabeth Skjerven	Medlem LC-nemnd sidan 2017 Medlem marknadsnemnd sidan 2020	Innsatskrus + NVRLND-sokkar
------------------------	---------------------------------------------------------------	-----------------------------

HOPPGRUPPA

Ove Fredheim	Medlem sidan (i alle fall 2012)	Innsatskrus
Lars Karlsen	Dugnad hopp 2024	Innsatskrus
Reidar Øygard	Dugnad hopp 2024	Innsatskrus
Per Birger Lomheim	Tidlegare leiar. Medlem sidan (i alle fall 2010)	Innsatskrus

KONTROLLUTVALET

Gerd Westby	Kontrollutvalet sidan 2020 Revisor sidan (i alle fall 2010)	Innsatskrus + NVRLND-sokkar + sitteunderlag
Hermann Odd Stein	Kontrollutvalet sidan 2020 Revisor sidan (i alle fall 2010)	Innsatskrus + NVRLND-sokkar + sitteunderlag

NEMND FOR FLEIRBRUKSHALL

Eirik Hoem	Leiar sidan 2022	Innsatskrus
------------	------------------	-------------



UNGDOMSKONTAKT

Synnøve Røneid	Ungdomskontakt 2024	Innsatskrus
----------------	---------------------	-------------

Anna merksemd

Henrik Røneid – innsatskrus. Flott innsats og ekstra ressurs for stadionstyret sidan 2023

Tormod T. Tyssen – innsatskrus. Stor ressurs for stadionstyret 2023 og 2024.

Stina Hillestad – flott representant for Hafslo IL i langrennsløypa. Gåvesjekk kr.3000,-

Theo Opem-Moen – innsatskrus. Flott debutsesong som dommar. Dømt 16 kampar. Berre gode tilbakemeldingar.

Laila Irene Røneid – innsatskrus. Godt samarbeid om rekneskap i over ti år.

Jon Ove Lomheim – eldsjel hopp – krus med skihoppmotiv.

Tilleggsmerksemd frå leiar Ove Midtbø for tett samarbeid gjennom mange år til Erna Hamrum, Birthe Johanne F. Finstad og Tore Ørbeck. Desse tre fekk sjokoladeeske + NVRLND-sokkar.

